

Referat frå Årsmøte for Vennelaget for Lensmannsgarden

Reiestad 28. mars 2011 kl 19:00

Leiar Kjetil Skrettingland ønska velkommen til årsmøtet.

Det var 18 frammøtte.

Saksliste

1. Val av møteleiar

Kjetil Skrettingland vart valt til møteleiar

2. Val av referent

Anny Hagesæter vart valt til referent.

Ola Sandsbråten og Arnstein Skretting vart valt til å signera referatet.

3. Årsmelding

Kjetil Skrettingland las opp årsmeldinga. Det var ingen kommentar og vart einstemmig godtatt.

4. Rekneskap

Årsmøtet godkjente rekneskapet utan kommentar. Det kom inn forslag om at styret burde vurdere å ha meir pengar på kontoen for å kunna møte uventa utgifter.

5. Status i arbeidet

Gjennomgang ved Kjetil Skrettingland.

Rehabiliteringsarbeidet har stoppa medan klagesaka til reguleringsplanen vert behandla av Fylkesmannen.

Det har kome inn to klager på kommunalt vedtak om rammetillatelse og bruksendring.

I arbeidet med rammesøknad har Vennelaget beslutta å isolera ytterveggene i 1. etasje.

6. Arbeidsprogram for kommande styreperiode

Arbeidsprogrammet for 2011 er nokså likt som arbeidsprogram for 2010 då rehabiliteringsarbeidet har stoppa opp i påvente på behandling av klagen på reguleringsplanen som er sendt til Fylkesmannen.

Det kom forslag om at styret ser på korleis ein kan gi ungdomar/ungdomsskuleelevar eigarskap til låna for eksempel gjennom å vera med på dugnad eller andre aktivitetar.

7. Medlemskontingent

Noverande ordning utan medlemskontingent fortset.

Det kom forslag om at styret vurderer mulighet for frivillig kontingent eller å gi pengegåve for eks. ved utdeling av giro.

8. Budsjett

Har ikkje utarbeid noko budsjett pga lite inntekter og utlegg.

9. Innkomne forslag

Det var ikkje kome inn nokon forslag til årsmøtet.

10. Val av styre

Desse vart valt ved akklamasjon:

Kjetil Skrettingland, leiar	gjenväl, 1 år
Anny Hagesæter	ikkje på val, 1 år
Hans Vigleik Jakobsen	ikkje på val, 1 år
Eldar Odland, 1. varamedlem	gjenväl, 1 år
Solveig Aanestad	gjenväl, 2 år
Tom Magne Ueland	nyval, 2 år

11. Val av revisor

Irene Hobberstad vart valt ved akklamasjon.

12. Val av valnemnd

Svein Borgen, ikkje på val, 2 år igjen

Guri Ånestad Sollesnes, ikkje på val, 1 år igjen

Gustav M. Håland, valt for 3 år

13. Orientering frå komitèane

Komitèen for innsamling av historisk materiale

- Komitèen har slutført arbeidet med hefte og foldar som no ligg føre i både papir- og nettutgåve. Komitèen vil arbeida vidare med å henta inn informasjon om innarbeidet (arbeidet til jentene) på Lensmannsgarden.


Komitèen for innreiing og utsmykking

- Eit møte i mai for å drøfta løysingar for lyd og lys. Elles liten aktivitet.

14. Eventuelt

Ingen saker


Anny Hagesæter referent


Arnstein Skretting på vegne av årsmøtet


Ola Sandsbråten på vegne av årsmøtet